Sogndal kommune

Referat tilbodsbefaring Kaupanger skule

Møtestad: Kaupanger skule
Møtedato: 20.05.2026 **Tid**: 10:00 – 11:00

Referent: Taulant Morina

Deltakare:

Vestlandshus, Christensen Røyr, EL-Vest, FMP as, Holen installasjon, Tharaso, AH bygg, Nordbohus, Tore Hovland AS, Walther sæthre & co AS

Spørsmål og referat frå møtet

Generelle Spørsmål/presiseringar

1. Garderobe 4 og 5 skal pussast opp. Arbeida omfattar tak, ytterveggar, innvendige overflater, ventilasjon, elektro, fast innreiing samt toalettrom med sanitærutstyr og servantar.

2. Kor stor del av omfanget skal utførast i sommarferien (skuleferien), og kva er tidsfristen for prosjektet?

   Svar: Det er ynskjeleg at mest mogleg arbeid skal føregå i skuleferie. Vi kjem til å evaluere på framdrift. Tilbydar/totalentreprenør tilbyr overtakelsestidspunkt i sitt tilbod

3. Er det lov at utføre fleire garderobar på ein gong?

   Svar: Skulen trenger alle garderobane dei kan ha mens den er i drift. Derfor, mens skulen er i drift, skal det berre føregå arbeidar i éin av garderobane om gangen. Alle dei andre garderobane skal vere full operative for skulen som garderobar.

4. Kan løysingsforslag inkludere riving av eksisterande takoverbygg?

   Svar: Ja, løysningsalternativ knytt til takoverbygg kan inkludera riving av eksisterande takoverbygg og terrasse/altan (sørsida bygg A). Merk at mellom bygg A og bygg B er det i dag mogleg å gå tørrskodd mellom bygga. Tilbydar må ivareta moglegheita til å kunne gå tørrskodd mellom bygg A og bygg B i sitt løysingsforslag.

5. Arbeid med miljøfarlege stoff som asbest, utførast som rekningsarbeid.

Garderobe 1

6. Skal Autodesk Forma nyttast, og kven sørger eventuelt for lisens?

   Svar: Ja, Autodesk Forma skal nyttast som prosjektstyringsverktøy. Kommunen sørger for nødvendig lisensar.

7. Skal tilbyder dimensjonere ventilasjonsanlegget og ta høgde for forventa belastning?

Postboks 153
6851 Sogndal
Tlf: (+47) 57 65 25 00
postmottak@sogndal.kommune.no

Svar: Ja. Tilbyder/totalentreprenør skal dimensjonere ventilasjonsanlegget og ta høgde for forventa fuktbelastning frå våte ytterkler og den faktiske bruken av garderobane. Garderobane opplever i dag sporadisk personbelastning, men med særskilt fuktbelastning. Dette skal inngå i entreprenørens dimensjoneringsgrunnlag. Toalett skal også ha balansert ventilasjon og nødvendige luftmengder etter bruk og belastning.

8. Kan me kople det nye anlegget til eksisterande ventilasjonsanlegg?

   Svar: Nei. Tilbydar/totalentreprenør må tilby nytt anlegg til garderobane.

Garderobe 3

9. Ønsker kommunen gangforbindelse utanfor garderobe 3 i området kor det eventuelt må sprengast?

   Svar: Nei, det blir ikkje krav til at ny løysing skal ivareta gangforbindelse bak garderobe 3.

Garderobe 4 & 5

10. Skal det etablerast full ventilasjon i garderobe 4 og 5?

    Svar: Det skal leverast ventilasjon til garderobe 4 og 5 på lik linje med dei andre garderobane.

11. Skal vassrøyr i garderobe 4 og 5 skiftes ut?

    Svar: Synlege vassrøyr skal skiftast ut. Det stillast ikkje krav til at røyr skjult inni konstruksjonen må skiftast ut.

Postboks 153
6851 Sogndal
Tlf: (+47) 57 65 25 00
postmottak@sogndal.kommune.no